
Fra: Jorunn Undheim <jorunn.undheim71@gmail.com>
Sendt: 30. juni 2017 14:38
Til: Anngunn Marie Gullbrå
Emne: Re: Krav om samanslåing

Hei igjen! jeg har vært på ferie, har ikke fått tatt tak i denne før nå :-) Takk for tilbakemelding. Jeg har snakket med noen fra kartverket og fått noe info. Det blir visst et puslespill å få slettet disse heftene, en var død, en bor i India og en er heldigvis nabo ennå ;-)
Så det er i orden med samanslåing av de tre andre i første omgang.

vh Jorunn U. Nilsen

2017-06-06 14:58 GMT+02:00 Anngunn Marie Gullbrå
<Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no>:

Hei

Viser til innkome krav om samanslåing av 4 bruksnummer på dykkar eigedom på Flatøy.

For at eigedommane skal kunne slåast saman må det vera same heimelshavar/ eigar på alle.
Dette er ordna for dine bruk.

Det bør også vera likelydane hefter, eller hefter som ikkje kolliderer med kvarandre.
Eksisterande hefter på ein eigedom som vert slått saman med ein annan, vil etter samanslåing hefte også på den beståande eigdommen.

På eigdommen 1/201 ser ein at det hefter ein burett for Margit Solberg, registrert 05.11.1968 (1968/907146-1/51), og Rett til utskilling av byggeklar tomt for Inger Solberg og Vigdis Jeppedal, registert 05.11.1968 (1968/907147-1/51).

Dersom samanslåinga vert utført før desse heftene er sletta for 1/201, vil desse hefta automatisk verte overført til beståande bnr 1/42. Dette er ikkje ynskjeleg, og du vert difor oppmoda om å få desse hefta sletta før samanslåing vert gjennomført.

Ta kontakt med tinglysingen om du har spørsmål til korleis du skal gå fram ved sletting av hefta. Kommunen har ikkje meir opplysningar om kven desse personane er, eller om dei lever endå, så det vert nok opp til deg å finne ut av.

Eventuelt kan me venta med samanslåing av 1/201 i denne runden og gjennomføra samanslåing av 1/94 og 1/111 med 1/42 i denne omgang. Gje meg i så fall ei tilbakemelding/samtykke på det, så kan eg stryke 1/201 frå kravet om samanslåing som er innsendt. Du kan så senda inn krav om samanslåing av 1/201 når du har fått ordna med sletting av hefta. Samanslåing er gratis å få utført så dette har ikkje noko økonomisk konsekvens for deg.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå

Fagansvarleg Geodata

Tlf: 5617 1181/ 1000

E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)